

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Ulf Ludvigsen/Ragnhild Aanestad
Arkivsaksnr.: 16/493 - 2

Arkiv: C01

Planlagt behandling:

Hovudutval for helse og velferd
Formannskapet

BARN OG UNGE - STYRKA SAMHANDLING I OPPVEKSTARBEIDET

Bakgrunn og historikk

Klepp kommune har gjennom åra hatt ulike organiseringar og ei rekkje prosjekt knytt til samordning og utvikling av tenester overfor barn og unge i risiko.

Gjennom dei siste 20 åra har det vore ulike løysingar med omsyn til:

- Korleis ein har løyst oppgåvene kring leiing og koordinering
- Samansetning av administrativ gruppe med ansvar for leiing/ samordning av tverrfagleg innsats overfor barn og unge
- Kva tiltak og stillingar ein har hatt på eit meir operativt plan i dette arbeidet
- Kor direkte involvert rådmann/ kommunalsjefar har vore i arbeidet

Dette syner at det tverrfagleg oppvekstarbeidet er komplekst og utfordrande, og at det alltid vil vera behov for endringar for å sikre at ressursar blir nytta på best mogleg måte.

Noverande organisering

Pr i dag har kommunen eit Oppvekstråd samansett av politisk og administrativ leiing, samt lensmann med kultursjefen som sekretær.

Administrativt er det etablert ei Oppvekstgruppe samansett av sentrale administrative ressurspersonar, leia av to kommunealsjefar.

Oppvekstgruppa har dei siste månadane gått gjennom behovet for ressursar, organisering og koordinering av tverrfagleg innsats overfor barn og ungdom.

Hovudspørsmål kring dette er:

- Korleis kan ein best nytta eksisterande stillingsressurser, og til kva type oppgåver ut frå eksisterande behov?
- Utfrå ressursar som kan frigjerast/ omdisponerast: Kva ressursbruk og kva slags organisatorisk plassering vil vera mest føremålstenleg framover?.

SLT

SLT står for Samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak. SLT-modellen skal samordna rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak for barn og unge. Målet er at barn og unge skal få rett hjelp til rett tid av eit hjelpeapparat som samarbeider godt på tvers av etatar og faggrupper. Samordninga av SLT arbeidet skjer på tre nivå: eit styringsnivå, eit administrativt nivå og eit operativt/direkte nivå. Som første kommune i Rogaland, innførte Klepp kommune SLT- modellen i 2000, og denne har sidan danna grunnlag for, og vore ein integrert del av det tverrfaglege oppvekstarbeidet. Ressursar til koordinering er eit sentralt element i SLT. Blant omkringliggjande kommunar har Klepp kommune i mange år brukt mindre ressursar til koordinering enn andre kommunar.

Oppsøkande ungdomsteneste (OUT)

Oppsøkjande ungdomsteneste blei starta som eit 3-årig prosjekt i 2009 utfrå følgjande mål:

Mål

Det overordnede målet for et slikt team må være å hjelpe ungdom i risikozonen som ikke i tilstrekkelig grad greier å dra nytte av eksisterende kommunale tjenester til en positiv utvikling. Målet er å sikre intervensjon i vanskelige saker, og sikre at ungdom med særlige behov for tjenester får effektiv, tilstrekkelig og individuell faglig hjelp og oppfølging, og at det blir etablert et samordnet og målrettet samarbeid rundt de unge. «

Prosjektet blei evaluert i 2012. Ein hovudkonklusjon var at teamet burde endrast frå å vera ei oppsøkande ungdomsteneste til å bli ei oppfølgjande ungdomsteneste.

I evalueringa, som blei fremja som sak for kommunestyret, blir det peika på at teamet i for liten grad har blitt innlemma i andre avdelingar sitt arbeid.

Frå og 2013 blei OUT gjort fast. I 2014 blei tenesta overført frå kulturavdelinga til barneverntenesta. Stillingsressursane har ikkje fullt ut blitt nytta til OUT- arbeid seinare tid.

Oppfølgingsteam

Straff for ungdom som begår mindre lovbrøt, har vist seg å ha liten virkning. For å førebyggje ungdomskriminalitet og ha eit alternativ til bøter og fengselsdommar, er det innført ei nasjonal ordning med oppfølgingsteam. Oppfølgingsteam inneber at ungdom som begår lovbrøt skal få tilbod om ungdomskontrakt i staden for tradisjonelle straffereaksjonar. Til no har ein tilsett i OUT hatt det konkrete ansvaret for dette.

Oppvekstprosjektet

I 2012-2015 blei det gjennomført eit oppvekstprosjekt og tilsett ein oppvekstleiar i full stilling. Målet var å få til eit løft i det tverrfagleg samarbeidet rundt barn og unge i risiko. Prosjektet hadde som føremål å finne gode og framtidretta løysingar når det gjeld organisering, koordinering, tenestetilbod og kompetanse overfor barn, unge og familiar i Klepp. Konklusjonen etter prosjekt, var at ein ikkje ville vidareføre ordninga med ein oppvekstleiar, slik ein hadde hatt i prosjektperioden.

Etter prosjektperioden blei oppvekstarbeidet reorganisert, og det blei oppretta ei ny, fast oppvekstgruppe, leia av to kommunalsjefar og samansett av administrative ressurspersonar. Erfaringane med dette har vore svært positive. Vidare blei det lagt opp til eit delvis frikjøp av kultursjefen si stilling for å frigjere kapasitet til delar av SLT arbeidet, noko som kapasitetsmessig har vist seg vanskeleg å få til i praksis.

«Operativt team»

Operativt team blei oppretta for ca 10 år sidan under dåverande arbeidsgruppe for oppvekst. Teamet skulle vere eit sjølvgåande, uformelt drøftingsteam/ undergruppe med politi, barnevern og Axis som aktørar. Mandatet var å følge med på hva som rører seg i ungdomsmiljøa, utveksle informasjon og samordne innsats i enkeltsaker. Fleire instansar har kome til seinare år.

Det viser seg og at gruppa, som i utgangspunktet skulle vera sjølvdrivande, ikkje i tilstrekkeleg grad klarer å koordinere eige samarbeid, og det blir etterlyst ressurser utanfrå til å koordinere oppfølgjingsarbeid særleg i høve til unge som slit med samansette vanskar.

Vurdering

Oppvekstgruppa har vurdert situasjonen og behova og kome til at:

1. Ressursane knytt til OUT har dei siste åra ikkje vore nytta tilstrekkelig som føreset, og behova har og endra seg.

2. Frigjering av tid til SLT og koordinering av arbeid med unge i risiko (kultursjef) har vist seg kapasitetsmessig vanskeleg å få til i praksis
3. Teamet som skulle vere sjølvdrivande, har ikkje i tilstrekkeleg grad klart å drive og koordinere eige arbeid.
4. I Klepp har me framleis ei lita gruppe ungdom med samansette vanskar. Desse har behov for tett og omfattande oppfølging og sterkare grad av koordinering enn det ein har vore klar over.
5. Der ein for 10 år sidan ein såg behov for å rette innsats mot blant anna oppsøkande teneste, ser ein no eit større behov for å styrke leiing og koordinering av den samla tverrfaglege innsatsen.
6. Familieeininga har siste året blitt styrka med stillingar som i dag har overtatt mange av oppgåvene og funksjonane som OUT har hatt til no. På bakgrunn av dette konkluderer ein med at ledige OUT-ressursar no i staden kan frigjerast til å leie og koordinere samhandling på tvers av etatane.
7. Oppvekstgruppa meiner at det bør opprettast ein 100% stilling som rådgjevar barn og unge.
8. Stillinga bør leggjast direkte under kommunalsjef for helse- og velferd.
9. Rådgjevar barn og unge bør bli:
 - fast medlem av oppvekstgruppa
 - sekretær for Oppvekstrådet
 - ansvarleg for SLT-arbeidet og organisering av aktuelle tverrfaglege grupper
10. Kommunalsjef, helse- og velferd får i oppgåve saman med oppvekstgruppa å utarbeide mandat og oppgåvebeskrivelse for stillinga på bakgrunn av det som her er skissert.
11. Arbeidet med oppfølgingsteam for ungdom som har gjort lovbrøt bør liggje til ei anna/ andre stillingar enn rådgjevar. Arbeid med oppfølgingsteam er eit direktearbeid på eit anna nivå enn den type oppgåver som er tiltenkt rådgjevar.

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Det blir oppretta ei fast 100% stilling som rådgjevar barn og unge
2. Midlar som har vore nytta til OUT, blir omdisponerte til dette føremålet.
3. Stillinga blir lagt direkte under kommunalsjef for helse- og velferd
4. Dei skisserte føringane i saka blir lagt til grunn for vidare organisering og utvikling av det tverretatlege oppvekstarbeidet.
5. Stillinga blir lyst ut snarast råd.

Rådmannen i Klepp 28.02.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.